

Alle barn og unge får ein oppvekst som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det.

Visjon

Utfordringar vi står overfor

”I framtiden vil behovet for arbeidskraft med fagutdanning og høgere utdanning være stort. Bare gjennom å utnytte hele befolkningens talenter og kompetanse, kan Norge få nyskaping, vekst og arbeidsplasser i den kunnskapsbaserte økonomien. For å sikre framtidig velferd og vediskaping må både offentlig og privat sektor ha tilgang på kompetente arbeidstakere. (St meld 16).

Det tilbodet Time kommune gir barn og unge i dag for å utvikla seg som individ og som deltakarar i samfunnet, vil bety svært mykje for korleis vi klarer å løysa utfordringar i samfunnet i framtida.

Tidleg og samordna hjelp:

Tidleg og samordna hjelp er eit forbetningsområde, jfr St meld 16 2006. Helsestasjon, barnehage, skule, PPT og barnevern må samarbeida for å avdekka problem og setta inn tiltak så tidleg som mogleg. Dette vil igjen redusera dei sosiale forskjellane. Den samfunnsøkonomiske gevinsten i tidleg hjelp er svært stor. Det er og ei utfordring å sikra høge forventningar om læring hos alle barn og unge. Vi må og sikra gode rutinar for oppfølging av læringsresultat både i barnehagen og skulen. Dersom vi ikkje får det til, vil det i særleg grad ramma dei som ikkje har foreldre som kan støtta dei i læringsarbeidet.

Vaksne som ikkje har fullført grunnskulen kjenner ofte ikkje sine rettar. Det er viktig at kommunen har eit tilbod til desse og at tilbodet er godt nok kjent. Det er aldri for seint å koma over i eit godt læringsløp.

”Kunnskapssamfunnet opnar mange vegar, men stillar nye krav til den enkelte. Grunnleggjande dugleikar i bruk av språk, i rekning og talforståing og bruk av digitale hjelpemiddel er nødvendig for å møte utfordringar i samfunnet.” (Kunnskapsløftet)

Grunnleggjande ferdigheter:

For å kunne møte utfordringar i verdssamfunnet, treng barn og unge å utvikla grunnleggjande ferdigheter og fagleg kompetanse. Vi har eit særleg behov for å auka kompetansen i språk og realfag. Kreativitet, entreprenørskap og sosial kompetanse er avgjerande for at barn og unge skal klara seg og vera utviklingsagentar i eit komplekst samfunn. Rammeplanen for barnehagen og Kunnskapsløftet i grunnskulen og vidaregåande skule er nasjonale tiltak for å møte desse utfordringane. Lokalt må vi arbeida med å sikra implementering av planane.

Utvikla fellesskapet og sikra retten til enkeltindividet:

Samfunnet må utvikla fellesskapet og samtidig sikra retten til enkeltindividet. Skule og barnehage må sikra gode og inkluderande læringsfellesskap samtidig som individuell tilpassa opplæring blir ivaretatt. Det er eit viktig mål at utdanningssystemet skal minska sosiale forskjellar. Lik tilgang til utdanningssystemet er viktig. Full barnehagedekning og gratisprinsippet i grunnskulen og vidaregåande skule blir av OECD sett på som viktige tiltak.

Samanheng i læringsløpet:

Gode planar for overgangane i læringsløpet for barn og unge er eit tiltak for å få til samanheng i utdanningsløpet. Forskingsresultat frå USA viser at overgangen frå barnehage til skule er viktig fordi han kan leggja føringar for heile skulegangen, for sjølvbiletet og seinare livskompetanse. (Pianta & Kraft – Sayre 2003, Løge et.al. 2003)

Det er god grunn til å satsa på at alle overgangane i utdanningsløpet skal bli så gode som mogleg. For å lukkast med det, må alle partar samarbeida og gjera sitt til at overgangane blir vellukka. Kommunen er forplikta på å ha ein felles plan på korleis overgangsarbeidet skal fungera, jfr Rammeplanen for barnehagen.

Styrking av språkopplæringa:

God språklæring for barn, unge og vaksne er ein nøkkel for at minoritetsspråklege skal lukkast i utdanning og næringsliv. Vi må og sjå på tospråklege som ein ressurs i ei globalisert verd. Styrking av framandspråk er ein nøkkel til å opna dører.

Styrking av realfagskompetansen:

Realfagskompetanse er vesentleg i grunnlaget for velstanden vår. Realfagskompetanse er eit grunnlag for innovasjon og omstilling. I eit høgkostland som Noreg må vi basera vår konkurransevne på innovasjon og omstilling. Vi må satsa på kunnskap og kompetanse.

Kapasitet og kvalitet på tilbodet til barn og unge:

Time kommune har ei utfordring i å møte den sterke veksten i kommunen. Endringane er størst på Bryne, men får ringverknader i dei andre områda i kommunen. Stor auke i barnetalet og utvikling av Bryne som by, stiller store krav til kapasitet og kvalitet på tilbodet til barn og unge. Det er viktig at kommunen tenker langsiktig i måten å løysa desse utfordringane på.

”Sluttmålet for opplæringa er å anspore den enkelte til å realisere seg selv på måter som kommer fellesskapet til gode – å fostre til menneskeleighet for et samfunn i utvikling.” (Læreplanen generell del)

Satsingsområda våre:

Kvalitet og kvantitet

- Kvalitet
 - Alle barn og unge utviklar sine ulike talent maksimalt.
- Kvantitet
 - Alle barn og unge får lovfesta tilbod til rett tid.
- Organisasjonsutvikling
 - Alle einingane i tenesteområdet er opptatte av å læra av god praksis og endra praksis når det er nødvendig.

Livsglede

- Kreativitet
 - Alle barn og unge er skapande, oppfinnsame, idérike og kan finna på noko nytt.
- Fysisk helse
 - Alle barn og unge har glede av å vera fysisk aktiv og tar vare på eiga helsa
- Psykisk helse
 - Alle barn og unge har positive tankar om seg sjølv og eigne muligheiter.

Tidleg innsats (...og ingen sto igjen...)

- Tidleg hjelp
 - Alle barn og unge får hjelp når behovet oppstår.
- Målretta hjelp
 - Tenesteområdet har kompetanse og metodar for å finne rett hjelp.
- Samordna hjelp
 - Alle barn og unge opplever heilskap i hjelpetiltaka.

Gjennomgåande for tenesteområdet oppvekst

Kvalitetssikring og kvalitetsutvikling

Tenesteområdet oppvekst har system for kvalitetssikring og kvalitetsutvikling for å kunne gje lovpålagde og gode tenester til innbygarane.

Implementering av styringsdokument

Tenesteområdet oppvekst sikrar implementering av nasjonale og kommunale styringsdokument.

Rekruttera og behalda kompetanse

Tenesteområdet oppvekst har plan for å rekruttera, behalda og utvikla kompetansen til dei tilsette innan alle fagområda

Barnehage

Kvalitet og kvantitet

Kvalitet	Kvantitet	Organisasjonsutvikling
Barnehagane har tilstrekkeleg med førskulelærarar	Time kommune har full barnehagedekning	Barnehagane involverer alle aktørane og omgivnadene i arbeidet med kvalitetsutvikling
Barnehagane fremmar god språkutvikling og førebur barna på lese og skriveopplæring	Barnehagane har universell utforming	Barnehagane deler erfaringar på tvers
Barnehagen utviklar realfagskompetanse	Dei som etter sakkunnig vurdering har rett på spesialpedagogisk hjelp, får det.	
Dei tilsette i barnehagane nyttar digitale verktøy		
Framandspråklege barn får ei opplæring slik at dei blir gode deltakarar i samfunnet		

Livsglede

Kreativitet	Fysisk helse	Psykisk helse
Barna opplever at dei har påverknad på eigen kvardag	Barnehagen driv med allsidig fysisk aktivitet i løpet av barnehagedagen	Barnehagane driv systematisk arbeid mot antisosial åtferd og mobbing
Barna er skapande og kreative	Barnehagane har sunt kosthald	Barnehagane driv systematisk arbeid med sosial kompetanse
Barna har glede av å vera i utvikling		Barna opplever meistring i kvardagen
Barnehagane tar i vare den gode leiken		
Barna ser seg sjølv som ein del av fellesskapet		

Tidleg innsats (...og ingen sto igjen...)

Tidleg hjelp	Målretta hjelp	Samordna hjelp
Barnehagane har rutinar for å oppdagar og gje tidleg hjelp	Barnehagane har kompetanse til å gje barna den hjelpa dei treng	Barnehagen samarbeider med andre hjelpeinstansar
Tilsette og foreldre samarbeider for å gje barn tidleg hjelp	Barnehagane nyttar varierte metodar slik at barna sine ulike behov blir ivarettatt	Alle barnehagane i kommunen deltar i ressursteam
		Barnehagane samarbeider med andre hjelpeinstansar for å hjelpa barn i risikofamiliar

Skule

Kvalitet og kvantitet

Kvalitet	Kvantitet	Organisasjonsutvikling
Skulane har tilstrekkeleg med lærarar	Skulane i Time har areal og bemanning til å ta imot elevtalsauken	Skulane involverer alle aktørane og omgivnadene i arbeidet med kvalitetsutvikling
Skulane fremmar god språkutvikling, lese- og skriveopplæring	Dei som etter sakkunnig vurdering har rett på spesialundervisning, får det.	Skulen og SFO fungerer som ein heilskap
Skulane utviklar realfagskompetanse		
Skulane nyttar digitale verktøy i opplæringa		
Framandspråklege elevar får ei opplæring slik at dei kan bli gode deltakarar i samfunnet		

Livsglede

Kreativitet	Fysisk helse	Psykisk helse
Elevane er skapande og kreative	Elevane driv allsidig fysisk aktivitet i løpet av skuledagen	Skulane driv systematisk arbeid mot antisosial åtferd og mobbing
Elevane har påverknad på eiga læring	Skulane har universell utforming	Skulane driv systematisk arbeid med sosial kompetanse
Elevane har glede av fagleg utvikling	Elevane et eit sunt måltid i løpet av skuledagen	Skulane har rutinar og kompetanse for å oppdaga elevar med psykiske problem
Elevane ser seg sjølv som ein del av fellesskapet	Elevane har kunnskap om korleis dei kan utvikla god helse.	Elevane opplever meistring i læringsarbeidet

Tidleg innsats (...og ingen sto igjen...)

Tidleg hjelp	Måletta hjelp	Samordna hjelp
Skulane har rutinar for å oppdaga og gje tidleg hjelp	Skulane har kompetanse til å gje elevane den hjelpa dei treng	Skulen samarbeider med andre hjelpeinstansar
Skulen og foreldra samarbeider for å gje elevane tidleg hjelp	Skulane varierer undervisninga slik at elevane sine ulike behov blir ivaretatt	Skulen samarbeider med andre hjelpeinstansar for å hjelpa barn i risikofamiliar
	Kommunen har tilbod til dei som ikkje har utbytte av fellesskulen	

PPT

Kvalitet og kvantitet

Kvalitet	Kvantitet	Organisasjonsutvikling
PPT rettleiar barnehagane og skulane i korleis dei kan utvikla eit godt læringsfellesskap	PPT har bemanning og kompetanse til å avdekka kva slag hjelp barn og unge treng	PPT er pådrivarar i systemisk arbeid
PPT har kompetanse på å utvikla grunnleggjande ferdigheter		
PPT har medansvar for at alle barn i barnehage og skulealder opplever god kvalitet		

Livsglede

Kreativitet	Fysisk helse	Psykisk helse
PPT hjelper barnehagane, skulane og foreldra til å stimulera barn og unge til å utvikla skaparevne og kreativitet	PPT hjelper barnehagane, skulane og foreldra til å motivera barn og unge til ein sunn livsstil	PPT rettleiar barnehagane, skulane og foreldra til å hjelpe barn og unge til å utvikla eit positivt sjølvbilete
PPT hjelper barnehagane, skulane og foreldra til å stimulera barn og unge til fagleg utvikling		PPT rettleiar barnehagar og skular i arbeid med psykisk sjuke barn og unge
		PPT rettleiar barnehagar og skular i arbeidet med barn og unge i risikofamiliar

Tidleg innsats (...og ingen sto igjen...)

Tidleg hjelp	Målretta hjelp	Samordna hjelp
PPT rettleiar barnehagane og skulane i korleis dei kan gje barn og unge tidleg hjelp	PPT har kompetanse til å avdekka kva behov barn og unge har og kva hjelp dei treng	PPT samarbeider med andre hjelpeinstansar, barnehagane, skulane og foreldra

Helsestasjon- og skulehelseteneste

Kvalitet og kvantitet

Kvalitet	Kvantitet	Organisasjonsutvikling
Helsestasjonen og skulehelsetenesta skal førebyggja og oppdaga smittsame sjukdommar	Helsestasjonen har lokale og bemanning som er tilpassa oppgåver og aktivitetar	Helsestasjonen vurderer ulik grad av spesialisering
Helsestasjonen og skulehelsetenesta tryggar foreldra i foreldrerolla		
Foreldre med framandkulturell bakgrunn får rettleiing i å vera foreldre for barn med minoritetsbakgrunn		

Livsglede

Kreativitet	Fysisk helse	Psykisk helse
Helsestasjonen hjelper barn og familiar til å utvikla sterke sider	Helsestasjonen og skulehelsetenesta bidrar til at barn og unge har sunn livsstil	Helsestasjonen førebyggjar psykiske lidingar og problemåferd
Helsestasjonen og skulehelsetenesta fremmar gode sosiale og miljømessige forhold		Helsestasjonen har tiltak for barn i risikofamiliar
Helsestasjonen driv nettverksbygging blant småbarnsforeldre og foreldre med minoritetsbakgrunn		

Tidleg innsats (...og ingen sto igjen...)

Tidleg hjelp	Måretta hjelp	Samordna hjelp
Helsestasjonen og skulehelsetenesta driv tidleg identifisering og intervensjon der barn, unge og familiar har psykososiale problem	Helsestasjonen driv informasjons og haldningsarbeid for ungdom	Helsestasjonen samarbeider med andre hjelpeinstansar
Helsestasjonen avdekkar språkvanskar og fremmar god språkutvikling	Tilsette og foreldre samarbeider og deler kunnskapar om barn og unge	
Familiar med barn med åtferdsvanskar har eit lågterskeltilbod	Flyktingar og asylsøkarar får hjelp dersom dei har vore utsett for traumatiske påkjenningar	

Barnevern

Kvalitet og kvantitet

Kvalitet	Kvantitet	Organisasjonsutvikling
Barnevernet gir utsette barn og familiar rett hjelp til rett tid	Barnevernet har bemanning og kompetanse til å avdekka og gje nødvendig hjelp	Barnevernet deltar i ressursteam i barnehagane og skulane
Barnevernet har kunnskap om oppvekstmiljøet til barn og unge		Barnevernet samarbeider med barnehagane og skulane for å avdekka hjelpebehov og tilrettelegga hjelpetiltak
Barnevernet deltar i kommunal planlegging som har påverknad på oppvekstvilkåra til barn og unge		

Livsglede

Kreativitet	Fysisk helse	Psykisk helse
Barnevernet hjelper barn og unge til å utvikla sine sterke sider	Barnevernet gir råd og rettleiing til familiar om sunn livsstil	Barnevernet samarbeider med andre hjelpeinstansar for å hjelpa barn i risikofamiliar
Barnevernet hjelper barn og unge til ei meiningsfull fritid	Barnevernet samarbeider med lag og organisasjonar for å integrera barn og unge med særlege behov	

Tidleg innsats (...og ingen sto igjen...)

Tidleg hjelp	Måletta hjelp	Samordna hjelp
Barnevernet prioriterer tidleg hjelp	Barnevernet tilbyr barn og familiar den hjelpa dei har behov for	Barnevernet samarbeider med andre hjelpeinstansar for å få til samordna hjelp
Barnevernet driv rettleiing i nettverket til barn og unge	Tilsette og foreldre samarbeider og deler kunnskap om barn og unge	

Kulturskule

Kvalitet og kvantitet

Kvalitet	Kvantitet	Organisasjonsutvikling
Kulturskulen er lokalt kulturelt ressurscenter	Kulturskulen gir tilbud til dei som ynskjer det.	Kulturskulen involverer alle aktørane og omgivnadene i arbeidet med kvalitetsutvikling
Kulturskulen utviklar elevane sine kunstnariske og skapande evner	Kulturskulen har eit variert tilbud	Kulturskulen samarbeider med barnehagane, skulane, lag og organisasjonar
Kulturskulen gir elevane forståing og oppleving av kunst som uttrykksform		
Kulturskulen legg til rette for samhandling på tvers av kulturfaga		

Livsglede

Kreativitet	Fysisk helse	Psykisk helse
Kulturskulen gir kunstnarisk utfolding og uttrykk gjennom oppleving og deltaking	Elevane utviklar god kroppshaldning	Elevane utviklar sine sterke sider
Den kunstnariske heilskapen gir gode opplevingar for den enkelte	Elevane utviklar god motorisk ferdighet	Elevane opplever meistring
Kulturskulen gir sosialkulturell læring		

Tidleg innsats (...og ingen sto igjen...)

Tidleg hjelp	Måletta hjelp	Samordna hjelp
Kulturskulen stimulerer elevane til å utvikla sine sterke sider	Kulturskulen har kompetanse til å gje elevane den hjelpa dei treng	Kulturskulen samarbeider tverrfagleg for at elevane skal få eit best mogleg tilbud
Kulturskulen og foreldra samarbeider for å gje elevane tidleg hjelp	Kulturskulen varierer undervisninga slik at elevane sine ulike behov blir ivaretatt	